

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
20.09.2018

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Per Børge Hillestad, Kine Lerøy, Jusu Gyflan, Arne Lerøy,

Varamedlemmer: Inger Synnevåg, Einar Austrheim, Kjell Dahle

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim
Kyrkjevevjerje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Sylvelinn Fønnes, Anita Bakke, Britt Ystebø.

Desse møtte ikkje: Svein Tomas Villanger.

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 16/18 – F 20/18

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 16/18 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent.

F – 17/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIVING AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Jusu Gyflan og Anny Bertelesen.

F - 18/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 14.06.2018

Framlegg til vedtak:

Møteboka for 14.06.2018 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka for 14.06.2018 vart godkjent utan merknader.

F – 19/18 FORSKOTTERING AV MIDLAR TIL SKISSEPROSJEKT

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner forskottering av midlar til skisseprosjekt, for teikning av nytt sjølvstendig tilbygg til kyrkja, tilsaman kr 250.000,- + moms. Beløpet skal gå til dekning av arkitektutgifter.

Vedtaket heng saman med og er avhengig av at Austrheim kommune refunderer delar av dette beløpet, på om lag 50%.

Midlane vert betalt ut frå ubunde disposisjonsfond.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner forskottering av midlar til skisseprosjekt, for teikning av nytt sjølvstendig tilbygg til kyrkja, tilsaman kr 250.000,- + moms. Beløpet skal gå til dekning av arkitektutgifter.

Vedtaket heng saman med og er avhengig av at Austrheim kommune refunderer delar av dette beløpet, på minst 50%.

Midlane vert betalt ut frå ubunde disposisjonsfond.

Vedtaket var einstemmig.

Sagt i møtet:

- Søkna til kommunen vert laga av Helge og Leif Arne ilag.
- Skisseprosjektet må vera innanfor regelverket om offentlege tilbod.

Bakgrunn:

AU har drøfta saka på eit ekstra møte 20.august samt på sitt ordinære møte 4.september.

Det har vore fleire skisser tidlegare til påbygg av kyrkja for å få til betre fasilitetar. Ingen av desse planane har til no blitt noko av.

Arkitekt

Det har vore ein del aktivitet i denne saka frå sommaren av og utover. Soknerådsleiar har fått kontakt med ein kjend arkitekt, som ønskjer å bidra med eit skisseprosjekt. Soknerådsleiar og plan/bygningssjef har hatt møte med arkitekten og drøfta ulike løysingar.

Bygg som er teikna av denne arkitekten vil ha ein attraksjonsverdi i seg sjølv. Han stiller i ein eigen liga, som av den grunn medfører kostnader som er høgare enn vanleg. Kostnad for eit skisseprosjekt kjem på kr 250.000,- kroner pluss moms.

Frittstående bygg eller påbygg?

Framlegg om ulike løysingar for tilbygg til kyrkja har hatt ei lang historie i soknet. Til dømes har eg sett på teikningar om tilbygg med garderobeløysingar frå 1980. Ingenting av dette er er til no blitt realisert.

Eitt av argumenta for kvifor, er at kostnaden har vore høg sett i forhold til kva ein får igjen for pengane.

Arkitekten foreslår at det vert bygd eit frittstående bygg, i nærleiken av kyrkja, som gjerne kan inkludera den gamle kyrkjegardsmuren. Eitt av hans varemerke er at bygga han teiknar harmonerer med naturen og miljøa dei er ein del av. Hans tanke her er å ta delar av ein av parkeringsplassane og reisa eit bygg i nærleiken av kyrkja.

Bygget kan bli både moderne og tradisjonelt på same tid. Tanken vil då vera eit bygg på opp under 250 kvm, med plass til ein forsamlingssal med plass til 100 – 120 personar, eit godt storkjøkken, eitt kontor (vi ser ikkje for oss at kyrkjekontoret skal vera her), lagerrom med plass til dei brannsikre safane våre, osv.

Ein forsamlingssal kan brukast til ulike tilstelningar, undervisning, konsertar, til og med nøytralt sermonirom – både for gravferder og vigslar.

Nybygg og middelaldergravplassen:

Kyrkjeverja har hatt kontakt med bispedømekontoret for å finna ut om det er mogeleg å reisa eit bygg som etter alt å døma vil kunna koma tett inn på og kanskje koma så vidt innom grensa for middelaldergravplassen på kyrkjeflaten. Middelaldergravplassen er freda. Svaret er at det er mogeleg å byggja, men at ein frå dag 1 må ha løyve frå Riksantikvaren, biskopen og fylkeskommunen, for å gjera eit slikt arbeid. Om ein kjem inn på den freda gravplassen vil det vera eit krav at all graving skal skje under oppsyn av ein arkeolog. Det vil vera lettare å få til eit slikt prosjekt så lenge kyrkja ikkje er freda eller listeført, som er gjeldande for Austrheim kyrkje.

Soknerådsleiar har fått estimert eit kostnadsoverslag frå ein byggmeister på ein kostnad opp under 40000 pr kvadratmeter.

Innhaldet i eit skisseprosjekt:

Arkitekten har i ein epost 11. september lista opp følgjande element på kva som er innhaldet i eit skisseprosjekt:

- Romoversyn med innhaldsbehov meldt inn av oppdragsgjevar.
- Digital presentasjon.
- Prospekt og hageplan 1:500
- Planteikningar for 3 etasjar

- Ein tredimensjonal modell med vekt på formen på bygget (ikkje vindauger). Lekkje til modellen kan opnast elektronisk.
- Prospekthefta med meir detaljar på bruken av materiale også sett i forhold til det omkringliggjande landskapet.

Skissa vert levert med opphavsrett for arkitektfirmaet og elementa i denne presentasjonen kan ikkje brukast av andre.

Forankring i kommuneleiinga:

Soknerådsleiar og kyrkjevevja har vore i møte med ordførar, plan/bygningssjef og økonomisjef, vedk planane for eit separat nybygg og finansiering av skisseprosjektet.

Det synes vera liten tvil om at kommuneleiinga er svært positive til å få eit slikt prosjekt realistert. Leiinga ser på verdien av eit bygg som kan bli eit landemerke og eit signalbygg, som kan representera det som er unikt med Austrheim.

I møtet med kommunen vart det rådd til at ein frå administrasjonen si side sender ein søknad til formannskapet der ein går inn for å dekkja om lag halvparten av kostnadane til eit slikt skisseprosjekt. Midlane kan enten dekkast inn over drifta i 2018 eller leggast inn i 2019 budsjettet. Kyrkjevevja sitt innspel i denne saka er at soknet – med atterhald om soknerådet si godkjenning – har rom for å forskottera heile dette beløpet, men at vi ikkje har økonomi til å ta på oss heile denne kostnaden.

Kommunen er som kjent på Robek-lista og vil vera avhengig av løyve frå Fylkesmannen for å få løyve til investeringar. Uansett er det ikkje snakk om realisering av eit slikt bygg før tidlegast i 2022. Det er planen å arbeida aktivt med å få økonomien på plass for eit slikt bygg.

Vurdering:

Det er utvilsamt slik at kommuneleiinga er svært positive til desse planane. Hadde interessa vore avventande, hadde ikkje eit slikt prosjekt vore tilrådeleg å gå i gang med frå soknet si side. Økonomien i kyrkja kjem ikkje til å bli betre i åra som kjem, så difor er det av grunnleggjande betydning at kommunen i så stor grad vil dette her.

Eit slikt frittståande bygg vil i hovudsak vera kommunalt finansiert. Bygget er meint å kunna brukast av alle.

Det er sannsynleg at ein vil kunna få langt meir igjen for pengane som vert brukt med eit frittståande nybygg, enn å skulla byggja ut kyrkja. Med eit frittståande bygg, som gjerne kan koplant saman med kyrkja, kan ein oppnå romløyvingar som er tilpassa dei behova ein har.

Eit påbygg på kyrkja ville etter alt å døma vore langt vanskelegare å få til for same kostnad som eit frittståande nybygg. Det er også grunn til å tru at eit frittståande bygg vil kunna ha eit friare bruksområde enn om det var slik at bygget var ein del av kyrkja.

Samstundes bør det vera slik at bruken av eit slikt bygg, vert administrert av kyrkja, sidan det skal kunna brukast til alle former for kyrkjeleg verksemd, både på dag og kveldstid, sjølvst i tillegg til all annan verksemd som vil vera aktuell.

Framlegg til vedtak:

- *Austrheim sokneråd godkjenner avrunding av samarbeidet med Fedje om felles trusopplærarressurs med verknad frå og med 1.januar 2019.*
- *Sjølv om samarbeidet i praksis er runda av med verkand frå 1.august 2018, vil framleis Austrheim sokn ha det formelle arbeidsgjevaransvaret for felles trusopplærar ut 2018.*
- *Administrasjonen i Austrheim og Fedje sokn får fullmakt til å arbeida ut ei omforeint refusjonsyting til Fedje for dei 4 siste månadane av 2018.*

Vedtak:

- *Austrheim sokneråd godkjenner avslutning av samarbeidet med Fedje om felles trusopplærarressurs med verknad frå og med 1.januar 2019.*
- *Sjølv om samarbeidet i praksis er avslutta med verknad frå 1.august 2018, vil framleis Austrheim sokn ha det formelle arbeidsgjevaransvaret for felles trusopplærar ut 2018.*
- *Administrasjonen i Austrheim og Fedje sokn får fullmakt til å arbeida ut ei omforeint refusjonsyting til Fedje for dei 4 siste månadane av 2018.*

Vedtaket var einstemmig.

Bakgrunn:

Tidlegare har det vore eit samarbeid mellom Austrheim, Fedje og Radøy om felles trusopplæringsressurs i 100%. Wilco Vogelaar var tilsett i denne stillinga. Frå og med 1. august 2017 runda vi av samarbeidet med Radøy. Ressursfordelinga mellom dei 3 sokna var slik; Radøy 60%, Austrheim 30% og Fedje 10%. Vi bestemte oss for å sitja igjen med ei trusopplærarstilling på tilsaman 45 %, som vi har ilag med Fedje, med Austrheim sokn som arbeidsgjevar. Mia Krüger Etokebe har hatt denne stillinga i eit engasjement mellom 1. august 2017 og 31.juli 2018 i 45% stilling.

I mellomtida har sokneråda både på Fedje og i Austrheim drøfta dette med gjevarteneste. På Fedje bestemte ein seg for å koma i gang med gjevarteneste i kombinasjon med trusopplæringsmidlar med verknad frå 1.august 2018. Midlane på Fedje skal brukast på å utvida den eksisterande presteressursen, dvs auka opp Per Børge Hillestad sin stillingsprosent med om lag 20%. Så lenge soknet er ansvarleg for denne tilleggsprosenten er dette mogeleg å få til.

Sidan soknerådet på Fedje ønskjer å auka opp presteressursen ved å bruka av trusopplæringsmidlar og gjevarteneste, så framstår det som det mest naturlege

å splitta opp igjen trusopplæringsressursen ein gong til og denne gongen mellom Austrheim og Fedje.

Ei slik oppsplitting må vera forankra i eit vedtak frå soknerådet.

Kyrkjeverja har allereie gjort eit nedtrekk i Mia Krüger Etokebe si engasjementsstilling med 15%, med verknad frå 1.august 2018. Ho har no ei 30 % midlertidig stilling fram til 31.august 2019. Frå 1.august 2019 ønskjer Austrheim sokn å dra i gang ei prestestilling til (reduisert stilling), der vi vil lønna ein person for å gå inn i trusopplæringsarbeidet, då i ein kombinasjon av trusopplæringsmidlar og gjevarteneste. Fram til dette tidspunktet set vi i Austrheim sokn av innsamla midlar i gjevartenesta til dette formålet.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
20.09.2018

Tilstades på møtet

Medlemer: : Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Per Børge Hillestad, Kine Lerøy, Jusu Gyflan, Arne Lerøy

Varamedlemer: Inger Synnevåg, Einar Austrheim, Kjell Dahle.

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim.
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Sylvelin Fonnes, Anita Bakke, Britt Ystebø.

Desse møtte ikkje: Svein Tomas Villanger

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 18/18 – S 21/18

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 18/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 19/18 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Jusu Gyflan og Anny Bertelsen.

S – 20/18 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 14.06.2018

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 14.06.2018 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

- Konfirmantkullet 2018/2019. Informasjon om påmelding og litt om opplegget.
Av 29 medlemmer/tilhøyrige er 28 ungdommar frå Årås/Kaland påmeldt konfirmasjonsundervisninga. Vidare er det 4 ungdommar med adresse i Lindås kommune påmeldt. I forhold til heile kullet er 32 av 41 ungdommar i aldersgruppa påmeldt konfirmantopplegget. Dette er 78% av kullet totalt sett.
- Informasjon om den komande barnehelga.
*Pysjamastfesten for 3 åringane skal vera fredag kveld. Førebels er 6 barn påmeldt, men erfaringsmessig dukkar det gjerne opp fleire som melder seg på rett før eller som kjem i kyrkja utan å vera påmeldt. Bollefesten for 4 åringane er fredag kl 13.00. Førebels er det påmeldt ca 12 born.
Kor for ein dag med Ivar Skippervold vert frå kl 16.00 for born opp til 10 år. Det vert konsert kl 18.00. Alle vert oppfordra til å stilla.*
- Konsert med Kristin Minde 27.oktober.
- Invitasjon til inspirasjonssamling for sokneråda i Nordhordland 17.november.
Orienterte om denne dagen. Førebels har Arne Lerøy meldt seg – og kanskje Helge Dyrkolbotn. Andre i soknerådet som ønskjer å reisa melder dette til Leif Arne.
- Verdiarbeidet.
Orienterte om at saka kjem opp på nytt i neste møte.
- Ekstra orientering: *Per Børge Hillestad orienterte soknerådet om at han seier opp som prest i Austrheim og Fedje. Grunnen til dette er at kona er gravid og har behov for å flytta nærare familien. Medlemmane i soknerådet forstår behovet for oppbrotet og er veldig glade for godt nytt med tanke på at dei skal bli fleire i familien. Samstundes vart det uttrykt at ein er lei seg for at han sluttar – noko han sjølv også gir uttrykk for.*